

**Mental Helse Radøy og Austrheim**  
 v/ Wenche Frantzen  
 Dalland 62 B, 5936 Manger  
 tlf 47308545

Radøy kommune  
 v/ Barne- og familietenesta  
 Radøyvegen 1625B  
 5936 Manger

08.04. 2015

## Søknad om økonomisk tilskot 2015

Mental Helse Radøy og Austrheim søker med dette om økonomisk tilskot til drift av laget.

Laget har fokus på sosialt fellesskap og meiningsfylte aktivitetar for medlemmar og andre brukarar som kan gje «påfyll», inspirasjon og motivasjon i kvardagen. Vi ynskjer også å vera ein fagleg ressurs/samarbeidspartner for kommunen og brukarar ved tilrettelegging av tilbod innan psykiatrien. Laget er opptatt av at kommunen sikrar gode tilbodet i psykiatrien ved innføring av samhandlingsreformen.

Ein av dei største utgiftspostane våre dei siste åra har vore midlar til sosial aktivitet. Me arrangerer to faste aktivitetar i løpet av året; sommartur og julebord. Laget tek den største kostnaden ved desse aktivitetane. Me gjer dette fordi me ynskjer at ikkje nokon skal føle seg ekskludert på grunn av eventuell därleg økonomi.

Desse arrangementa har vore svært vellykka, og oppslutnaden har vore aukande for kvart år. Litt av årsaken til dette er knytt til at dei vert gjennomført i trygge og kjente rammer for brukarane.

Me er også opne for forslag til aktivitetar frå medlemmane våre, og ynskjer å kunne ta ein del av kostnadane ved slike arrangement også, for å få med flest mogleg.

Me er i gang med nettverksbygging og samarbeid med dei andre lokallaga i Nordhordland.

Vi takker for stønad vi fekk i fjor og vi vonar at kommunen er positiv til vår søknad også i år og vil gje eit tilskot på kr 25 000.

Eventuelt tilskot kan overførast til kontonr. 3632 53 74319.

Vonar på rask og positiv tilbakemelding. Skulle noko vera uklart er det berre å ta kontakt.

Med venleg helsing  
 for  
 Mental Helse Radøy og Austrheim  
*Wenche Frantzen*  
 Wenche Frantzen  
 leiar